

2 Alvorleg nedgang for faget samisk som andrespråk

Jon Todal, professor dr.art., Sámi allaskuvla / Samisk høgskole, Guovdageaidnu

Sammendrag

Den tydelegaste og mest alvorlege tendensen i statistikken for samisk språk i barnehage og skule for skuleåret 2010/11 er nedgangen i talet på elevar som vel samisk som andrespråk i grunnskulen. Dette talet heldt fram med å gå ned dette skuleåret, slik det har gjort kvart år dei siste fem åra. Faget samisk som andrespråk har no mista 38 % av grunnskuleelevene sine sidan 2006.

I nordsamisk som andrespråk har talet på elevar gått ned med heile 40 % sidan 2006.

Denne artikkelen presenterer og kommenterer talet på samiske barnehagertilbod, talet på born som tek mot slike tilbod, og talet på elevar med samisk i fagkrinsen i grunnskule og vidaregåande skule i 2010/11. Det blir lagt vekt på endringane i tala dei siste fem åra.

Heile delkapittel 2.4 er vigt til analyse av situasjonen for faget samisk som andrespråk i grunnskulen spesielt. Eg har prioritert å gå så nøye inn på akkurat denne situasjonen fordi framtida for faget samisk som andrespråk ser ut til å vera det mest presserande spørsmålet i samisk skule akkurat no. I dette kapitlet drøftar eg difor meir grundig korleis dei siste fem års store endringar kan forståast, og eg drøftar politiske og administrative grep som kan gjerast for å betre situasjonen.

2.1 Samisk språk i barnehagen

Dei tala for barnehagane som blir presenterte i dette delkapitlet, er komne fram ved at ein har talt opp søknadene som er komne inn til Sametinget om støtte til samiske barnehagertilbod.

Sametinget har klassifisert søkerane i to kategoriar, (1) samiske barnehagar og (2) samiske tilbod i norske barnehagar.

Det kan teoretisk tenkast at nokre barnehagar med tilbod i samisk ikkje har søkt om pengestøtte og difor ikkje kjem med i statistikken for 2010, men etter det vi har av lokalkunnskap, verkar dette lite sannsynleg.¹

2.1.1 Samla tal for samisk i barnehagen

Tabell 2.1 nedanfor presenterer det samla talet på samiske barnehagertilbod i Noreg i 2010 og tal som viser korleis utviklinga har vore dei siste fem åra.

Tabell 2.1 Talet på barnehagar med samisk språktildob i åra 2006–2010

År	2006	2007	2008	2009	2010
Barnehagar med samisktilbod i alt	67	56	60	71	67
Samiske barnehagar	47	40	41	37	37
Norske barnehagar med samisktilbod	20	16	19	34	30

Av tabell 2.1 ser vi at talet på barnehagar med samisktilbod held seg stabilt. Rett nok har talet på barnehagar som Sametinget klassifiserer som *samiske*, gått ned dei siste fem åra sett under eitt, men barnehagertilbod klassifiserte som *samiske tilbod i norske barnehagar* har auka, slik at det totale talet på tilbod likevel held seg stabilt.

På grunn av at barnehagertilboda ikkje er klassifiserte etter kva som faktisk går føre seg i barnehagane, er det vanskeleg å seia noko sikkert om samisk språk er styrkt eller svekt blant barnehageborn i perioden 2006 til 2010. Det burde finnast eit klassifiseringssystem slik at statistikkane kunne vise kva slags samisk språktildob borna har fått, og kva slags tilbod Sametinget har gjeve mest og minst økonomisk støtte til.

Sett under eitt er det liten tvil om at samiske barnehagertilbod er svært viktige for framtida for samisk språk, og det er viktig at så mange som mogleg kan ta mot slike tilbod. Tabell 2.2 nedanfor viser talet på born som tok imot samisktilbod i barnehagen i 2010 og dei fem åra før.

¹ Samtale med rådgjevar Anna Kristine Skum Hætta i Sametingets opplæringsavdeling 6. mai 2011.

Tabell 2.2 Talet på born som tok imot samisktilbod i barnehagen 2006–2010

År	2006	2007	2008	2009	2010
Talet på born med samisktilbod i alt	975	956	940	883	817
Talet på born i samiske barnehagar	929	925	905	789	758
Talet på born som får samisktilbod i norske barnehagar	46	31	35	94	59

Talet på born som tok imot samiske barnehagertilbod, gjekk fra 2009 til 2010 ned med 66, det tilsvarar ein nedgang på 7,5 %. Tek vi utgangspunkt i ”toppåret” 2006, har nedgangen vore på 158 born, det tilsvarar 16 %.

Nedgangen på born i samiske barnehagertilbod har dei siste fem åra vore relativt stor, og vi ser her noko av den same endringa som vi seinare skal sjå for grunnskulen. Nedgangen i barnehagen er likevel ikkje så stor som i grunnskulen.

Dei aller fleste samiske barnehagertilboda finn vi i Nord-Noreg. I tidsrommet 2006 til 2010 gjekk talet på tre-, fire- og femåringar ned med heile 16 % i Finnmark, med i underkant av 6 % i Troms og med 10 % i Nordland². Vi ser at så godt som heile nedgangen i talet på born i samiske barnehagertilbod i åra frå 2006 til 2010 kan forklarast med den generelle nedgangen i barnekulla i Nord-Noreg i denne perioden.

Det er ingen stader obligatorisk å ta mot samiske barnehagertilbod. Slik sett kan vi tenkje oss at talet på førskuleborn i samiske tilbod kunne auke sjølv om det totale barnetalet gjekk ned. Det heile ville da vera eit spørsmål om lokal mobilisering.

Talet på barnehagertilbod og talet på born som tek mot tilboda, kan òg splittast opp etter samisk språk. Det har vi gjort i tabellane i delkapitla nedanfor.

² Opplyst av Statistisk sentralbyrå v/Paul Inge Severeide i personleg kommunikasjon.

2.1.2 Nordsamisk i barnehagen

Tabell 2.3 Talet på barnehagar med nordsamisk språktilbod i åra 2006 - 2010

År	2006	2007	2008	2009	2010
Talet på barnehagar med tilbod på nordsamisk i alt	62	52	53	58	57
Nordsamiske barnehagar	44	38	38	34	32
Norske barnehagar med tilbod på nordsamisk	18	14	13	24	25

Tabell 2.4 Talet på born som tok imot nordsamiske tilbod i barnehagen i åra 2006–2010

År	2006	2007	2008	2009	2010
Talet på barnehageborn med tilbod på nordsamisk i alt	946	917	884	825	773
Talet på born i nordsamiske barnehagar	906	900	868	752	721
Talet på born som tok imot tilbod på nordsamisk i norske barnehagar	40	17	16	73	52

Talet på nordsamiske tilbod og talet på nordsamiske born som tek mot slike tilbod, utgjer ein så stor del av det samla samiske talet at tendensane (og dermed kommentarane) blir dei same for tabellane 2.3 og 2.4 som for tabellane 2.1 og 2.2. ovanfor. Sjå det som er skrive om desse.

2.1.3 Lulesamisk i barnehagen

I 2010 var det tre barnehagetilbod i lulesamisk i Noreg. To av dei klassifiserer Sametinget som samiske barnehagar og eitt som samisk barnehagetilbod i norsk barnehage. Utviklinga i talet på born som tek imot tilboda i lulesamisk, har vore slik som tabell 2.5 nedanfor viser.

Tabell 2.5 Talet born som tok imot tilbod på lulesamisk i barnehagen i åra 2006–2010

År	2006	2007	2008	2009	2010
Talet på born med tilbod på lulesamisk i alt	12	18	27	27	29
Talet på born i lulesamiske barnehagar	12	18	27	27	27
Talet på born som tok imot tilbod på lulesamisk i norske barnehagar	0	0	0	0	2

Talet på born i lulesamiske barnehagar har halde seg stabilt dei siste tre åra, og talet har aldri vore så høgt som for skuleåret 2010/11.

Ser vi på dei siste fem åra, er talet på born meir enn fordobla. Denne auken i talet på born med lulesamisk tilbod heng først og fremst saman med auken i sjølve tilboden, frå eitt tilbod i 2006 til tre tilbod i 2010.

2.1.4 Sørsamisk i barnehagen

I 2010 var det i alt fire barnehagertilbod i sørsamisk. Endringane i talet på slike tilbod har vore slik som tabell 2.6 nedanfor viser.

Tabell 2.6 Talet på barnehagar med sørsamisk språktildob i åra 2006–2010

År	2006	2007	2008	2009	2010
Talet på barnehagar med tilbod i sørsamisk i alt	5	5	6	11	4
Sørsamiske barnehagar	2	1	1	1	1
Norske barnehagar med tilbod på sørsamisk	3	4	5	10	3

Tabell 2.6 viser at talet på tilbod i sørsamisk har vore stabilt bortsett frå ein stor oppgang i 2009 og så ein nedgang til det meir ”normale” att i 2010. Tala er små, og dei prosentvise svingingane kan difor bli store frå år til år.

Kva som har skapt ”unntaksåret” 2009, er ikkje lett å svara på. Mest sannsynleg er det ein del tilfeldige samantreff mellom lokale foreldreønske og tilgjengelege førskulemedarbeidarar akkurat det året. Mellom anna ser vi av søkerlistene til Sametinget at Røros kommune hadde sørsamisk tilbod ved tre ulike barnehagar i 2009, men ingen slike tilbod i 2010. Grunnen til at det ikkje var tilbod i Røros kommune i 2010, var at den personen som var tilsett på heiltid for å

ta seg av dette i 2009, var ute i heil permisjon i 2010.³ Dermed forsvann 27 % av tilboda på landsbasis ut or statistikken!

Sørsamiske barnehagertilbod er svært avhengige av nokre få nøkkelpersonar, og når desse personane ikkje kan stille opp eit år, får det slike store prosentvise konsekvensar som dei vi ser her.

To av dei fire sørsamiske barnehagertilboda som fanst i 2010, ligg i Snåsa kommune. Snåsa er til no den einaste kommunen i landet som har gjort sørsamisk til offisielt språk.

Endringane i talet på born som tok imot sørsamiske barnehagertilbod dei siste fem åra, har vore slik som vist i tabell 2.7. nedanfor.

Tabell 2.7 Talet på born som tok imot tilbod med sørsamisk i barnehagen i åra 2006– 2010

År	2006	2007	2008	2009	2010
Talet på born med tilbod på sørsamisk i alt	17	21	29	31	15
Talet på born i sørsamiske barnehagar	11	7	10	10	10
Talet på born som tok imot tilbod på sørsamisk i norske barnehagar	6	14	19	21	5

Tabell 2.7 viser at 2009 var eit toppår, med ei halvering av talet i 2010. Mykje av forklaringa på dette finn vi i dei same tilhøva som forklarer svingingane i talet på *tilbod* (sjå ovanfor). Endringar i talet på tilbod, endrar også talet på born som nyttar seg av tilboda.

³ Opplyst av Eva Brynhildsvold ved oppvekstetaten i Røros kommune i personleg kommunikasjon.

2.2 Samisk språk i grunnskulen

Sidan situasjonen for samisk som andrespråk i grunnskulen no er så alvorleg, vil eg bruke eit eige kapittel til berre å analysere denne (kapittel 2.4 nedanfor). I kapitla 2.2 og 2.3 vil endringar i tala for samisk i skulen difor berre bli presenterte og *kort* kommenterte.

2.2.1 Det samla elevtalet med samisk i fagkrinsen

Tabell 2.8 Talet på grunnskuleelevar med samisk i fagkrinsen

	2005/06	2006/07	2007/08	2008/09	2009/10	2010/11
I alt	3055	2672	2542	2517	2346	2245
Nordsamisk	2844	2479	2354	2339	2158	2058
Lulesamisk	88	77	79	77	81	96
Sørsamisk	123	116	105	101	97	91

Det samla talet på elevar med samisk i fagkrinsen i grunnskulen i Noreg gjekk frå skuleåret 2009/10 til skuleåret 2010/11 ned med 101 elevar. Det er ein nedgang på 4,3 % på eitt år.

Tabell 2.8 viser vidare at det samla talet på elevar med samisk i norsk grunnskule har gått ned kvart år sidan skulereforma *Kunnskapsløftet* vart innført i 2006. Før den tid steig det kvart år. I alt har det vore ein nedgang på 810 elevar sidan skuleåret 2005/06. Rekna i prosent utgjer dette ein nedgang på 27 % på fem år. Nedgangen i elevtal var størst dei to første åra etter innføringa av *Kunnskapsløftet*. Moglege årsaker til at nedgangen var særleg stor i desse to åra, vil bli nærmare drøfta i delkapittel 2.4.5 nedanfor.

Dersom vi splittar opp tala etter samiske språk, ser vi at nordsamisk og sørsamisk har hatt omlag den same prosentvise nedgangen i elevtalet dei siste fem åra. Lulesamisk har derimot hatt ei anna utvikling.

Talet på elevar med lulesamisk i fagkrinsen har auka med 15 det siste året, det er ein auke på 18 %. Her er det samla elevtalet såpass lågt (under 100) at meir tilfeldige endringar kan gje seg store prosentvise utslag. Men også når vi ser dei siste fem åra under eitt, har elevtalet i lulesamisk vore stabilt og stige litt.

2.2.2 Elevtalet i samisk som førstespråk

Tabell 2.9 Talet på grunnskuleelevar med samisk som førstespråk

	2005/06	2006/07	2007/08	2008/09	2009/10	2010/11
I alt	998	1020	1027	1043	1010	971
Nordsamisk	953	971	984	997	964	923
Lulesamisk	29	31	25	27	26	29
Sørsamisk	16	18	16	19	20	19

Talet på elevar med samisk som førstespråk i norsk grunnskule gjekk frå skuleåret 2009/10 til 2010/11 ned med 39 elevar. Dette er ein nedgang på 4 %. Sidan Kunnskapsløftet vart innført, har det i alt vore ein nedgang på 3 %. Vi kan difor seia at talet på elevar i samisk som førstespråk har halde seg relativt stabilt dei siste fem åra.

Nedgangen på 3 % over fem år frå 2005/06 til 2010/11 er mindre enn nedgangen i barneskulekulla i Nord-Noreg dei same fem åra. Denne nedgangen var på over 7 %⁴.

Sjølv om talet på førstespråkselevar har vore stabilt sett over ein lengre periode, ser vi at nedgangen har vore tydeleg dei siste to åra med ein nedgang på i alt 72 elevar. Det er for tidleg å seia om dette er ein trend eller ei tilfeldig svinging.

Talet på førstespråkselevar i lulesamisk er 29 i skuleåret 2010/11. Det er det same talet som fem år før, og det er tre elevar meir enn skuleåret 2009/10.

Talet på elevar i sørsamisk førstespråk har i 2010/11 auka med tre samanlikna 2005/06 (men har gått ned med éin sidan 2009/10). Her er tala så små at tilfeldige svingingar gjev store prosentvise utslag. Men vi kan ut frå tabell 2.9 slå fast at talet på førstespråkselevar både i sørsamisk og lulesamisk har halde seg stabilt dei siste fem åra.

⁴ Opplysningar frå Statistisk sentralbyrå v/Paul Inge Severeide i personleg kommunikasjon. Sjå òg kapittel 7.4.2 nedanfor.

2.2.3 Elevtalet i samisk som andrespråk

Tabell 2.10 Talet på grunnskuleelevar med samisk som andrespråk

	2005/06	2006/07	2007/08	2008/09	2009/10	2010/11
I alt	2057	1652	1515	1474	1336	1274
Nordsamisk	1891	1508	1370	1342	1194	1135
Lulesamisk	59	46	54	50	55	67
Sørsamisk	107	98	89	82	77	72

Talet på andrespråkselevar i samisk i grunnskulen i Noreg har det siste skuleåret gått ned med 62. Det er ein nedgang på 5 %. Sidan innføringa av *Kunnskapsløftet* har talet på andrespråkselevar gått ned med i alt 783, ein nedgang på 38 % over fem år.

Dersom vi ser på elevtalet i nordsamisk som andrespråk spesielt, har dette gått ned med 40 %. Tabellen viser òg at det meste av nedgangen, i alt 548 elevar i minus, kom dei to første åra etter 2006. Det vil seia at 70 % av heile nedgangen kom desse to åra.

Både moglege årsaker til den store nedgangen og moglege årsaker til at heile 70 % av nedgangen kom i åra 2006 - 2008, vil bli nærmere drøfta i kapittel 2.4 nedanfor.

Av tabell 2.10 ser vi òg at talet på elevar i faget *lulesamisk* som andrespråk har svinga mellom 46 og 67 dei siste fem åra. Heile femårsperioden sett under eitt har talet på elevar med lulesamisk som andrespråk gått opp med åtte. Tendensen for elevtalet i lulesamisk som andrespråk er ikkje den same som for nordsamisk og sørsamisk.

Elevtalet i faget *sørsamisk* som andrespråk har gått ned med 35 over dei siste fem åra, og det har vore nedgang kvart år i desse åra.

Så langt har vi handsama *Andrespråk 2* og *Andrespråk 3* under eitt og kalla det andrespråk. Dersom vi splittar opp talet på andrespråkselevar og deler det på desse to fagplanane, får vi tal som vist i tabell 2.11 nedanfor. Vi har ikkje tal som skil mellom *Andrespråk 2* og *3* lenger bakover enn til 2008, difor byrjar Tabell 2.11 nedanfor med det året.

Tabell 2.11 Talet på andrespråkselevar splitta etter fagplan:

	2008/09	2009/10	2010/11
Andrespråkselevar i alt	1474	1336	1285
Andrespråk 2	677	628	645
Andrespråk 3	797	708	640

Tabell 2.11 viser at talet på elevar har gått ned i faget *Andrespråk 3* enn i *Andrespråk 2*. Nedgangen i *Andrespråk 3* har vore på 20 % sidan 2008. I *Andrespråk 2* derimot har nedgangen vore på 5 % sidan 2008, og frå 2009/10 til 2010/11 ser vi ein *oppgang* på 17 elevar (3 %) i *Andrespråk 2*.

I kapittel 2.4 nedanfor, der vi analyserer tala for elevar i andrespråk spesielt, kjem vi tilbake til det tilhøvet at talet på elevar i *Andrespråk 3* minkar meir enn i *Andrespråk 2*.

Stiginga i elevtalet i faget *Andrespråk 2* i skuleåret 2010/ 11 nyanserer den alvorlege nedgangstendensen som vi har sett for dette faget dei siste fem åra. Men vi kan enno ikkje seia noko om dette er ein *ny* trend, eller ei tilfeldig svinging.

2.3 Samisk språk i vidaregåande skule

I dei tidlegare utgåvene av *Sámi logut muitalit/ Samiske tall forteller* har vi ikkje kunna presentere fullstendige tal for elevar med samisk i fagkrinsen i den vidaregåande skulen i heile landet. Dei einaste tala vi har hatt for andrespråksopplæringa, er dei som vi har fått direkte frå dei to samiske vidaregåande skulane i Indre Finnmark.

I år har vi frå Utdanningsdirektoratet fått tal for heile landet for dei siste tre åra⁵, og eg kan presentere desse tala her.

2.3.1 Samiskopplæringa i vidaregåande skule for heile landet

Tabell 2.12 nedanfor viser endringane i talet på elevar med samisk i fagkrinsen i den vidaregåande skulen i Noreg dei siste tre åra.

Tabell 2.12 Talet på elevar med samisk i fagkrinsen i den vidaregåande skulen, fordelt på fylke der det er fleire enn fem elevar.

	Skuleåret 2008/ 2009			Skuleåret 2009/2010			Skuleåret 2010/2011		
	Første-språk	Andre-språk	Totalt	Første-språk	Andre-språk	Totalt	Første-språk	Andre-språk	Totalt
Heile landet	189	152	341	215	154	369	248	185	433
Finnmark	172	95	267	180	103	283	216	125	341
Troms	11	30	41	10	30	40	12	37	49
Nordland		12		21	7	28	18	9	27
Nord-Tr.lag		12			8			9	
Resten	6*	3	33	4**	6	14**	2	5	16**

*Resten av landet inkluderer òg fylka Nordland og Nord-Trøndelag

** Resten av landet inkluderer òg Nord-Trøndelag

Tabellen viser ei sterk stiging i talet på elevar med samisk i fagkrinsen i vidaregåande skule dei siste tre skuleåra. Det har vore auke av elevar både i første- og andrespråk, og det har vore auke både i Finnmark og i resten av landet.

⁵ E-post frå Avdeling for statistikk i Utdanningsdirektoratet v/Irene Hilleren i personleg kommunikasjon.

Det totale talet på elevar med samisk i fagkrinsen har stige med 27 % dei siste tre åra, talet på elevar med samisk som førstespråk har stige med 31 % og andrespråk med 22 %.

Ein medverkande faktor til denne auken kan vera at vidaregåande skule no får dei store grunnskulekulla med samisk i fagkrinsen frå tida rundt 2005. I skuleåret 2005/06 hadde i alt 3055 grunnskuleelevar samisk i fagkrinsen i Noreg. Talet har aldri vore så høgt korkje før eller etterpå.

Tala frå Utdanningsdirektoratet femner ikkje om dei elevane som har valt samisk som framandspråk i vidaregåande skule. Sametinget deler ut stipend til alle som vel samisk som fag i vidaregåande, også til dei som vel samisk som framandspråk. Elevane må sjølv søkje om slikt stipend. For 2011 har Sametinget fått stipendsøknader frå 126 elevar som har valt samisk som framandspråk⁶. Dette er eit minimumstal fordi det godt kan vera elevar som har rett til å søkje utan at dei har gjort det. Dersom vi legg dette talet til Utdanningsdirektoratet sitt tal for elevar i vidaregåande skule, får vi eit samla elevtal i samisk på i alt 559 for skuleåret 2010/11.

Kjønnsfordelinga på dei elevane som har valt samisk i vidaregåande skule, er drøfta andre stader i denne rapporten, sjå kapittel 5.7.3 nedanfor.

2.3.2 Samiskopplæringa ved dei to statlege vidaregåande skulane

Nedanfor presenterer vi tal for samiskopplæringa ved dei to statlege samiske vidaregåande skulane i Indre Finnmark. Samstundes gjer vi merksam på at desse tala også *går inn i* tala for heile landet i tabell 2.12 ovanfor.

Det totale elevtalet ved desse to skulane vil svinge ein god del frå år til år alt etter kva tilbod som kan setjast i gang. Difor er det ikkje så lett å lesa endringar i val av samiskopplæring ut av dei nominelle tala i dei fire tabellane nedanfor. Vi har såleis etter kvart nominelt tal sett inn eit prosenttal, som viser delen av det totale elevtalet for kvart år. Prosenttala i tabellane seier meir om endringar i val av språkalternativ enn dei nominelle tala.

⁶ Talet er henta frå sametingsdokumentet Sak SP 021/11 ”Sametingets redegjørelse om Sametingets melding om opplæring og utdanning”.

Tabell 2.13 Talet på elevar med samisk som førstespråk ved dei to statlege samiske vidaregåande skulane i Indre Finnmark, med prosentdel av det samla elevtalet 2005/06 - 2010/ 11.

	2005/06		2006/07		2007/08		2008/09		2009/10		2010/2011	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
Begge skulane	159	74	139	71	131	72	140	72	137	73	137	68
Kautokeino	83	86	80	87	84	92	94	90	81	92	62	80
Karasjok	76	64	59	57	47	52	46	50	56	56	75	60

Tabell 2.13 viser at prosenten av elevar som har samisk som førstespråk ved dei to statlege samiske vidaregåande skulane, ligg på 68 i skuleåret 2010/11. Sjølv om dette er den lågaste prosenten på fem år, må ein seia at denne prosenten har halde seg relativt stabil dei siste åra.

Kwart år som vi har tal for, har prosenten elevar som vel samisk som førstespråk, vore høgre ved den vidaregåande skulen i Kautokeino enn i Karasjok. Det er han i år òg, men prosentdelen med førstespråkselevar i Kautokeino har det siste året gått ned frå 92 % til 80 %. Dette kan vera tilfeldig.

Ved å halde saman tala i Tabell 2.13 med tala for heile landet i Tabell 2.12 ovanfor, ser vi at 55 % av førstespråkselevane i samisk på vidaregåande skulenivå i Noreg er elevar dei to statlege skulane i indre Finnmark. På grunn av at talet på elevar som får samisk førstespråkopplæring ved andre skular, har stige, har den prosentdelen som får opplæring i Indre Finnmark, gått ned dei siste tre åra.

Tabell 2.14 Talet på elevar med samisk som andrespråk 2 ved dei to statlege samiske vidaregåande skulane i Indre Finnmark 2005/06–2010/ 11.

	2005/06		2006/07		2007/08		2008/09		2009/10		2010/11	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
Begge skulane	32	15	51	26	31	17	31	16	24	13	27	13
Kautokeino	7	7	7	8	7	8	7	7	4	5	7	9
Karasjok	25	21	44	42	24	27	24	26	20	20	20	16

Tabell 2.15 Talet på elevar med samisk som andrespråk 3 ved dei to statlege samiske vidaregåande skulane i Indre Finnmark, med prosentdel av det samla elevtalet 2005/06–2010/ 11.

	2005/06		2006/07		2007/08		2008/09		2009/10		2010/11	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
Begge skulane	2	1	2	1	19	10	21	11	27	14	39	19
Kautokeino	2	2	1	1	0	0	0	0	3	3	9	12
Karasjok	0	0	1	1	19	21	21	23	24	24	30	24

Tabellane 2.14 og 2.15 syner stiging i prosent elevar som får opplæring i samisk som andrespråk 3 ved dei to aktuelle skulane. Dette går da på kostnad av dei meir ambisiøse faga Samisk som andrespråk 2 og Samisk som førstespråk.

Tabell 2.16 Talet på elevar med samisk som framandspråk ved dei to statlege samiske vidaregåande skulane i Indre Finnmark, med prosentdel av det samla elevtalet 2005/06–2010/ 11.

	2005/06		2006/07		2007/08		2008/09		2009/10		2010/11	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
Begge skulane	22	10	4	2	0	0	3	1,5	0	0	0	0
Kautokeino	5	5	4	4	0	0	3	3	0	0	0	0
Karasjok	17	14	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0

Tabell 2.16 syner at dei statlege samiske vidaregåande skulane ikkje har gjeve opplæring i samisk som framandspråk sidan tre elevar ved den vidaregåande skulen i Kautokeino fekk slik opplæring skuleåret 2008/09. Opplæringa i samisk som framandspråk skjer ved andre skular enn ved dei to statlege vidaregåande skulane i Indre Finnmark.

2.4 Analyse og tilråding

Det alvorlegaste tilhøvet for samisk i skuleverket i Noreg er den store nedgangen i talet på elevar med samisk som andrespråk over dei siste fem åra. Det er neppe berre éin grunn til ein slik nedgang. Eg skal her drøfte moglege årsaker, slik som den generelle urbaniseringa i samfunnet, den generelle nedgangen i barnekull i Nord-Noreg dei siste fem åra, bortfallet av eit av dei samiske fagplanalternativa i 2006, problema omkring fag- og timefordelinga for samiskfaget og den lite høvelege opplæringsmodellen som i dag er i bruk for dei elevane som vel samisk som andrespråk.

2.4.1 Generell urbanisering

Ei nærliggande forklaring på nedgangen i talet på elevar i samisk som andrespråk kan vera det faktum at folketalet generelt går ned i dei tradisjonelle samiske områda⁷. Folk flyttar til meir sentrale strok. Når folketalet går ned, vil òg elevtalet i skulen gå ned.

Dette tilhøvet kan likevel ikkje heilt forklare den store nedgangen i faget samisk som andrespråk. Om ein barnefamilie flytter frå til dømes Nord-Troms-kommunen Kåfjord (som er med både i det samiske forvaltingsområdet og i STN-området⁸) til Tromsø by (som korkje er med i forvaltingsområdet eller i STN-området), har borna i denne familien framleis både rett på og tilbod om samiskopplæring.

Dersom den tenkte utflytta kåfjordsfamilien vel samisk som fag på skulen i Tromsø òg, slik dei hadde gjort i Kåfjord, vil ikkje det samla elevtalet i samisk gå ned i landet sett under eitt. Elevane forsvinn ikkje frå skulestatistikken sjølv om dei har flytta ut or det samiske forvaltingsområdet og STN-området.

Det er likevel grunn til å tru at det skal meir foreldreinnsats til for å velja (eller eventuelt krevja) samisk på skulen i ein by enn i ei samisk bygd i kjerneområdet. Slik kan den generelle urbaniseringa likevel verke *mot* samisk som skulefag.

2.4.2 Generell nedgang i barnekulla

Dersom talet på born i grunnskulealder har gått ned i heile landet dei siste fem åra, vil talet på elevar med samisk i fagkrinsen sannsynlegvis òg ha gått ned. Tal frå Statistisk sentralbyrå syner at talet på born i grunnskulealder i Noreg gjekk ned med mesta éin prosent i åra frå 2005 til

⁷ Sjå desse to artiklane om folketalsutviklinga i STN-området: Øivind Rustad (2010):

”Befolkningsutvikling i STN-området”. I *Sámi logut muitalit / Samiske tall forteller 3*. Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla. S. 121–142. og Svanhild Andersen og Torunn Pettersen (2008): ”Befolkningsutvikling i samiske bosettingsområder – sentralisering og stabilitet.” I *Sámi logut muitalit / Samiske tall forteller 1*. Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla. S.28–61

⁸ STN-området er: Sametingets område for sokjabaserte tilskot til næringsutvikling.

2010⁹. Dette talet gjeld landet sett under eitt, men dei aller fleste grunnskuleelevarne med samisk i fagkrinsen bur i Nord-Noreg.

I dei tre nordlegaste fylka gjekk elevtalet i grunnskulen ned med 7,5 % i denne perioden¹⁰. Vi ser at den generelle nedgangen i barnekulla i Nord-Noreg er så stor at han må ha hatt innverknad på talet på elevar i samiskfaget òg. Dette må vera éi av årsakene til nedgangen.

Men ein sju prosents generell nedgang i talet på grunnskuleelevar i Nord-Noreg kan likevel ikkje vera *heile* forklaringa på ein nedgang på 38 % i faget samisk som andrespråk.

2.4.3 Fag og timefordeling

I tidlegare utgåver av *Sámi logut muiatalit/ Samiske tall forteller*, har vi òg referert til den store nedgangen i elevtalet i samisk som andrespråk. Vi har dessutan vore inne på ein del moglege årsaker til nedgangen, slik som vanskar med fag- og timefordelinga i samisk utanfor forvaltingsområdet.

Vanskane med fag- og timefordelinga går ut på at timane i faget samisk som andrespråk ved mange skular må leggast utanfor vanleg skuletid for å få timeplanen til å gå opp. Eit alternativ til dette har lenge vore at elevane må gje avkall på undervisningstimar i andre fag for å få plass til timane i samisk som andrespråk. Men same kva løysing som blir vald, ser vi at planverket ikkje er tilpassa den samiske røynda. Slik har det vore i mange år.

Signalet som styresmaktene sender ut når dei gjennomfører samiskopplæringa på denne måten, er at samisk ikkje er eit like viktig fag som til dømes norsk og engelsk. Samisk skaper problem for elevane, det gjer ikkje norsk og engelsk.

Dette kan medverke til at foreldre etter ei tid vel bort samisk som fag for borna sine. Det blir for komplisert reint praktisk å halde fram med samisk, og for skulen er faget noko som kjem i tillegg til ”viktigare ting”.

Det har funnест sentralgjevne fagplanar i samisk som andrespråk sidan 1987, og like lenge har desse fagplanane hatt funksjonell tospråklegheit som mål for elevane. At norske styresmakter etter 24 år ikkje har løyst dei praktiske spørsmåla ved fag- og timefordelinga for andrespråkopplæringa i samisk, er eit svært sterkt signal til foreldra. Det er eit signal om kor lite vekt styresmaktene legg på dette faget. Dette kan svekkje faget sin prestisje blant foreldre og elevar.

⁹ Opplyst av Statistisk sentralbyrå ved Paul Inge Severeide i personleg kommunikasjon.

¹⁰ I Finnmark gjekk talet ned med 7,61 %, i Troms med 7,19 % og i Nordland med 7,72 %.

2.4.5 Bortfall av fagplanen Samisk språk og kultur

Vi merkar oss at nedgangen for andrespråksfaget tok til i 2006, same året som skulereforma *Kunnskapsløftet* vart innført i Noreg. Det er sannsynleg at det er ein samanheng mellom elevnedgangen og Kunnskapsløftet.

Før Kunnskapsløftet fanst det ein fagplan som heitte *Samisk språk og kultur* attåt det faget som heitte *Samisk som andrespråk*. Faget *Samisk språk og kultur* hadde mindre ambisiøse mål for språkmeistringa enn det *Samisk som andrespråk* hadde. Ved innføringa av Kunnskapsløftet i 2006 vart faget *Samisk språk og kultur* teke bort. I staden fekk vi to andrespråksfag med målsetjing om funksjonell tospråklegheit, *Andrespråk 2* og *Andrespråk 3*. Det er sannsynleg at den elevgruppa som før følgde fagplanen *Samisk språk og kultur*, no er borte frå samiskundervisninga. Dette kan vera ein hypotese.

For å forstå tala i dette kapitlet er det viktig å veta at elevtalet for faget *Samisk språk og kultur* er rekna inn i det som her er kalla *Samisk som andrespråk* for skuleåret 2005/06. Og det er dette året som er utgangspunktet for å måle nedgangen. Etter 2005/06 omfattar tala for andrespråk faga *Andrespråk 2* og *Andrespråk 3*.

Tabell 2.10 viser at 70 % av nedgangen i andrespråksfaget kom dei to første åra etter at Kunnskapsløftet vart innført og faget *Samisk språk og kultur* nedlagt. Dette styrker hypotesen om at det i stor grad er den gruppa som før utgjorde elevane i *Samisk språk og kultur*, som no er forsvunnen frå samiskfaget.

Av Tabell 2.11 ser vi at faget *Andrespråk 3* har eit langt større fråfall enn *Andrespråk 2*. Dette styrker òg hypotesen om at det særleg er den elevgruppa som før 2006 ville ha valt *Samisk språk og kultur*, som har forsvunne frå samiskopplæringa.

Det kan vera at nedgang i elevtalet var ein kalkulert risiko frå staten og Sametinget si side da Kunnskapsløftet vart innført og faget *Samisk språk og kultur* vart nedlagt. Dersom det var slik, blir jo det dystre biletet meir nyansert, ein har fått færre elevar, men dei elevane ein har att, er kanskje betre i samisk enn før.

Det finst òg ein annan måte å sjå dette på, nemleg denne: Skulen har ikkje fått med seg den målgruppa som før 2006 tok faget *Samisk språk og kultur*, over i faget *Andrespråk 3*. Og vi kan seia at det er språkpolitisk uheldig å slik gje slepp på ei stor elevgruppe som faktisk ønskjer å lære samisk.

Konklusjonen på dette blir at samiskfaget ikkje har greidd å halde på ei stor gruppe elevar som tidlegare valde samisk heilt frivillig, eller som iallfall hadde foreldre som valde faget frivillig for dei.

2.4.6 Den tospråklege opplæringsmodellen

Til no har nedgangen i elevtalet i faget samisk som andrespråk vore omtala som eit problem. Men kanskje er ikkje nedgangen sjølvе problemet, nedgangen kan like gjerne sjåast som *symptom* på eit problem. Det kan vera noko med sjølvе opplæringsmodellen i faget *Samisk som andrespråk* som gjer at mange elevar gjev opp, eller at foreldre sluttar å velja faget for borna sine. Kanskje er opplæringsmodellen eit stort problem for faget i dag?

Vi har å gjera med ein gjeldande tospråkleg opplæringsmodell for *Samisk som andrespråk* som har som *målsetting* å gjera norskspråklege elevar tospråklege i norsk og samisk. Men modellen inneheld ikkje dei *midla* som skal til for å nå målet. Til dømes har samiskfaget etter gjeldande modell berre tre undervisningstimar for veka i grunnskulen, og samisk blir vanlegvis ikkje brukt med elevane i opplæringa utover desse tre timane. Med slike middel til rådvelde kan modellen sjølvsagt ikkje oppfylle si eiga målsetjing om funksjonell tospråklegheit.

På grunn av manglande måloppnåing har det difor lenge vore stor foreldremisnøye med faget samisk som andrespråk. Også i år har norskspråklege foreldre til grunnskuleelevar i Indre Finnmark klaga på akkurat dette, og det har vore avisskriving omkring spørsmålet.

Denne foreldremisnøya har vart ved i fleire år. Allereie på 1990-talet vart det reist sterkt foreldrekritikk mot modellen for faget samisk som andrespråk, og i 1996 betalte dåverande Samisk utdanningsråd og utdanningsdirektørane i dei tre nordlegaste fylka for ei undersøking om korleis andrespråksopplæringa faktisk fungerte. Resultatet låg føre i rapporten *Opplæringa i samisk som andrespråk*, utgjeven av Sámi allaskuvla/ Samisk høgskole i 1998. Over 60 % av foreldra var her misfornøgde med sider av andrespråksopplæringa. Undersøkinga omfatta alle elevar med samisk som andrespråk i Noreg i klassane 4, 5, 6, 7, 8 og 9 og foreldra deira. Svarprosenten var høg.

Sjølv om foreldrekritikken i forskningsrapporten frå 1998 var både spesifikk og tydeleg, vart det ikkje etter dette gjort nokon endringar i opplæringsmodellen for faget samisk som andrespråk. Derimot har det etterpå vore sett i gang *forsøk* med andre og sterkeare opplæringsmodellar i samisk. Slike forsøk har vore vellykka, som til dømes det sørsamiske prosjektet ved Elgå oppvekstsenter på byrjinga av 2000-talet. Prosjekta har likevel ikkje ført til at skuleverket har endra den forfeila faste modellen som framleis blir brukt.

Tilsette og politikarar i Sametinget og tilsette og studentar ved Samisk høgskole har gjennom åra arrangert ei rekke studieturar til andre minoritetsspråksområde i verda der ein har studert langt betre, sterkare og meir vellykka tospråklege opplæringsmodellar enn dei ein nyttar i andrespråksopplæringa i samisk. Dette gjeld til dømes maoriopplæringa på New Zealand og kymriskopplæringa i Wales. Men den forfeila opplæringsmodellen i samisk som andrespråk har heller ikkje av den grunn vorte endra.

Modellen for andrespråksopplæringa vart òg kritisert i evalueringa av skulereforma av 1997, utan at dette i praksis førte til nokon ny andrespråksmodell ved skulereforma av 2006¹¹.

Heller ikkje har fleire år med fagtilbodet *Tospråklegheitspedagogikk* ved Sámi allaskuvla/ Samisk høgskole hjelpt til å endre sjølve strukturane i den tospråklege opplæringa i grunnskulen. Studiet har gjeve ei rekkje samisklærarar fagleg innsikt i spørsmål omkring opplæring i innfødde minoritetsspråk som andrespråk. Men det er ikkje lærarane som endrar strukturar og modellar i skuleverket. Dei kan berre endre metodane.

Det finst ein internasjonal faglitteratur omkring opplæring i innfødde minoritetsspråk. Konklusjonane i denne forskinga er heilt eintydige: Slike modellar som den ein arbeider etter i samisk som andrespråk i Noreg, fører ikkje til at elevane blir funksjonelt tospråklege¹². Det er altså samsvar mellom det lærarar, elevar og foreldre har erfart i dei samiske områda og det internasjonal faglitteratur seier. Sjølv om dette lenge har vore kjent, har det likevel ikkje ført til endringar.

Det kan av Tabell 2.8 sjå ut som om foreldra no har resignert, og at dei innser at samisk som andrespråk ikkje fører til funksjonell tospråklegheit og heller ikkje vil gjera det i framtida. Difor vel dei bort faget. Det faktum at elevtalet *ikkje* går så mykje ned i samisk som førstespråk, underbyggjer denne hypotesen. Faget samisk som førstespråk følgjer ein heilt annan og sterkare opplæringsmodell, ein modell som erfaringmessig fører til at elevane blir tospråklege. Dette er kanskje grunnen til at foreldra ikkje vel bort dette faget, slik dei gjer med faget samisk som andrespråk.

Paradoksalt nok kan det vera slik at det ville ha vore lettare enn no å halde på grunnskuleelevarne i samisk som andrespråk dersom opplæringa hadde vorte meir omfemnande og den tospråklege modellen sterkare.

¹¹ Sjå Hirvonen, Vuokko (doaim.) 2003: *Sámi skuvla plánain ja praktikas. Mo dustet O97S hástalusaid?* Kárašjohka: CálliidLágádus

¹² Sjå bøkene Baker, Colin 2009: *Foundations of Bilingual Education*. Clevedon: Multilingual Matters og Øzerk, Kamil (2006): *Fra språkbad til språkdrukning. Modeller for opplæring med to språk*. Oplandske bokforlag.

Tilråding

Norske skulestyresmakter har til no hatt 24 år på seg til å løyse spørsmålet om fag- og timefordelinga for samisk som andrespråk i grunnskulen. Spørsmålet har enno ikkje funne noko svar. Dette problemet må løysast så fort som mogleg dersom ein ønskjer å demme opp for fråfallet frå faget samisk som andrespråk.

Det andre problemet for andrespråksopplæringa i samisk er at ho ikkje oppfyller sine eigne planfesta mål om tospråklegheit. Dette kan òg vera ein grunn til at færre enn før vel faget. Ei naturleg følgje av dette er å innføre andre og sterkare opplæringsmodellar i andrespråksopplæringa enn det som har vore tilfellet til no. Gjennom internasjonal forskingslitteratur, gjennom studiar av praksis i andre land, gjennom tidlegare samiske forskingsprosjekt og gjennom praktiske forsøk i samisk skule har ein skaffa seg nok kunnskapar både om det som ikkje fungerer, og om det som skal til for at opplæringa i samisk som andrespråk skal fungere betre enn i dag. Det som no trengst, er at ein formulerer nøyaktig kva ein vil, og deretter diskuterer korleis det som ein vil, reint praktisk skal setjast ut i livet.

Kjelder for tala:

Barnehagen:

Tala for samiske barnehagetilbod og tala for born i desse tilboda har vi fått frå Sametingets opplæringsavdeling ved Anna Kristine Skum Hætta.

Opplysningar om nedgangen i samiske barnehagetilbod på Røros har vi fått frå oppvekstetaten i Røros kommune ved Eva Brynhildsvold, personleg kommunikasjon.

Tal for nedgangen i fôrskulekulla i Nord-Noreg 2005–2010 har vi fått frå Statistisk sentralbyrå v/Paul Inge Severeide, personleg kommunikasjon.

Grunnskulen:

Tala for samiskopplæringa i grunnskulen har vi henta frå Utdanningsdirektoratet på nettstaden: <http://www.wis.no/gsi/tallene>.

Tala for nedgangen i barnekull i grunnskulen i Noreg generelt og i Nord-Noreg spesielt dei siste fem åra har vi fått frå Statistisk sentralbyrå ved Paul Inge Severeide, personleg kommunikasjon.

Vidaregåande skule:

Tala for dei vidaregåande skulane for heile landet har vi fått frå Utdanningsdirektoratet ved Irene Hilleren, personleg kommunikasjon.

Tala for samisk som framandspråk i den vidaregåande skulen er henta frå sametingsdokumentet Sak SP 021/11 ”Sametingets redegjørelse om Sametingets melding om opplæring og utdanning”.

Tala for dei to statlege samiske vidaregåande skulane har vi fått direkte frå desse skulane ved Trygve Guttorm (Karasjok) og Lisbet Gran (Kautokeino).

Litteratur som det er vist til

Andersen, Svanhild, og Torunn Pettersen (2008): ”Befolkningsutvikling i samiske bosettingsområder – sentralisering og stabilitet.” I *Sámi logut muitalit/ Samiske tall forteller 1*. Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla. S. 28-61

Baker, Colin (2009): *Foundations of Bilingual Education*. Clevedon: Multilingual Matters.

Hirvonen, Vuokko (doaim.) (2003): *Sámi skuvla plánain ja praktihkas. Mo dustet O97S hástalusaid? Kárašjohka: ČálliidLágádus*. Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla

Rustad, Øivind (2010): ”Befolkningsutvikling i STN-området.” I *Sámi logut muitalit/ Samiske tall forteller 3*. Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla. S. 121–142.

Todal, Jon (1998): *Opplæringa i samisk som andrespråk. Ei undersøking av vilkåra for å lære samisk i grunnskulen*. Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla

Øzerk, Kamil (2006): *Fra språkbad til språkdrukning. Modeller for opplæring med to språk*. Oplandske bokforlag.